

**LANDSMØTE 2009
BERGEN, 21-23. AUGUST**

SAK 7

**NORGES NATURVERNFORBUNDS
MILJØPOLITISKE PLATTFORM**

INNSTILLING FRA LANDSSTYRET

INNEHOLDER:

**LANDSSTYRETS FORSLAG TIL ENDRINGER I PLATTFORMEN
EKSISTERENDE PLATTFORM, VEDTATT PÅ LANDSMØTET PÅ ÅL I 2007**

Endringsforslag til Norges Naturvernforbunds miljøpolitiske plattform

Landsstyret foreslår å erstatte hele kapitlet som heter «Internasjonal medverknad og rettferd», og nytt kapittel blir som følger:

Internasjonal solidaritet og rettferd

Verdas fattigaste lir i dag under miljøproblem som i stor grad er skapte av rike land og av overforbruket til velstående individ. Dei globale klimaendringane er hovudsakleg forårsaka av dei rike landa, og er i dag i ferd med å bli det største trugsmålet mot menneske og natur i Sør. Bruken av ressursane på jorda er svært skeiv, eit mindretal av velstående land og individ brukar størstedelen av ressursane, medan storparten av folket på jorda lever i fattigdom og naud.

Rike land har derfor eit særleg ansvar for å bidra til arbeidet med å løyse miljøproblema i verda. Dette må skje gjennom internasjonalt samarbeid og i tråd med internasjonale miljøavtalar og menneskerettar. Eit sentralt mål er at verda må bli meir klimarettferdig enn ho er i dag. Dei rike landa må redusere forbruket og utsleppa for at fattigare land skal kunne utvikle velstanden utan at det aukar presset på klimaet. Samstundes må rike land bidra med støtte og med å legge til rette for at utviklinga i Sør skjer med minst mogleg klimagassutslepp og at desse landa kan tilpasse seg klimaendringane.

Naturvernforbundet meiner at:

- Miljøomsyn og omsyn til meir rettferdig fordeling av ressursar må telje meir enn internasjonale mål om økonomisk vokster og auka frihandel. Internasjonale miljøavtalar må bli overordna i høve til økonomiske avtalar, og internasjonale økonomiske avtalar må ikkje avgrense miljøomsyn.
- Norge skal gjennom utviklingspolitikken sin vere ein pådrivar og støtte opp om internasjonale miljømålsetjingar og -avtalar, samstundes som miljøspørsmål blir prioritert i bilateralt og multilateralt samarbeid og at omsynet til natur og miljø blir integrert i alt utviklingsarbeid.
- Oppbygginga av det sivile samfunnet i Sør, inklusive miljøørsla, må vere ein viktig prioritering i norsk bistand.
- Rike og oljeproduserande land som Norge bør ta eit særleg ansvar for å bidra til reduksjon av utslepp, klimatilpassing og utvikling av lågkarbonsamfunn i land i Sør.
- Ujamn tilgang til, og lite effektiv bruk av energi, er med på å oppretthalde den skeive måten velstand er fordelt på globalt. Internasjonal bistand må i større grad rettast inn mot å nå dei fattigaste med desentraliserte tiltak for energieffektivisering og bruk av fornybar energi.
- Miljømessige og sosiale krav som gjeld for fleirnasjonale verksemdar i Norge må og gjelde for aktiviteten deira i utlandet når det norske regelverket er strengare. Norske styresmakter må sjå til at norsk verksemd i andre land ikkje medfører miljøskadar og sosial utbytting, og må dessutan bidra til at det blir utvikla internasjonale avtalar og reglar som reduserer miljøskadeleg verksemd.

Landsstyret innstiller på at dette forslaget blir lagt til grunn for landsmøtets behandling av plattformen.

Norges Naturvernforbunds prinsipprogram

Vedteke på landsmøtet i ÅI 2007

Prinsipprogrammet gjev ei oversikt over Naturvernforbundet sitt grunnsyn, korleis organisasjonen arbeider, og kva som er våre langsiktige politiske krav.

Naturvernforbundet arbeider for å verne og forvalte naturen på ein måte som sikrar vårt felles livsmiljø. Hovudmålet er at natur- og miljøomsyn må leggjast til grunn for all menneskeleg aktivitet.

Livsformene i naturen er verdifulle fordi dei har ein verdi i seg sjølv, utan omsyn til om det er til nytte for menneska, og fordi menneska er avhengige av dei. Mennesket har ingen rett til å utrydde nokon av artane på jorda eller øydelegge det livsmiljøet artane treng for å leve. Å verne om rikdomen av livsformer og leveområda deira er naudsynt for å sikre livskrafta og produktiviteten i naturen.

Mennesket er ein del av naturen. Vi lever av dei allsidige goda i naturen. All vår verksemd må difor fylgje prinsippet om berekraftig bruk. Det vil seie:

- Vi må ta vare på mangfaldet i naturen.
- Vi kan berre ta ut frå naturen det krinslaupet i naturen kan fornye.
- Vi kan berre sleppe ut stoff som krinslaupet i naturen kan bryte ned innanfor naturen si bereevne.
- Råvarer som finst i avgrensa mengder, må vi bruke med strengt måtehald.

Påkjenningane mennesket påfører naturen, er for store. Den rike verda har eit forbruk av energi og råstoff som ikkje let seg kombinere med å halde oppe naturmangfaldet og produksjonsevna. Tekniske omleggingar kan ikkje åleine endre dette. Forbruksnivået vårt er med og hindrar at andre menneske får leve menneskeverdige liv. Vi må akseptere at alle menneske har rett til dei naturgoda som trengst for eit godt liv. Dette krev, fordi jorda er avgrensa, at dei økonomisk rikaste gjev avkall på ein del av dagens forbruk.

I den globaliserte verda vert fleire miljøproblem verdsomspennande. Dette må vi møte med internasjonale avtalar og samarbeid. Lokal og nasjonal innsats må vere drivkrafta bak dei endringane som skal til. Både lokalt og globalt kan omstillingar vere vanskelege, men å vente med dei endringane som skal til, vil gjere omstillingane meir smertefulle.

Prinsipp for praksis

Norges Naturvernforbund meiner desse prinsippa må ligge til grunn for alle vedtak og tiltak som har eller kan ha negative konsekvensar for naturen:

- Kunnskap: Alle private og offentlege aktørar som påverkar naturen må ha plikt til å setje seg inn i korleis deira verksemd påverkar naturen. Oppdatert og ny kunnskap må leggjast til grunn for vedtak og handlingar.
- Føre-var-prinsippet: Dersom det er usikkert om inngrep eller utslepp vil ha skadelege verknader for organismar eller økosystem, skal tvilen kome naturen til gode ved at tiltaket ikkje vert gjennomført. Dersom det er

- 1 manglande kunnskap om eit miljøproblem, må ein likevel freiste å løyse
2 problemet med bakgrunn i den vitskaplege kunnskapen ein har.
- 3 - Samla påkjenning: Den samla påkjenninga som naturmiljøet er eller kan bli
4 utsett for, skal vere utslagsgjevande for vedtak i einskildsaker, til dømes der
5 eit lite tillegg i påkjenningane kan få store og negative følgjer, eller der fleire
6 seinare tiltak kan få det.
 - 7 - Den som påverkar, skal betale: Den som påverkar miljøet på ein negativ
8 måte, skal dekke kostnadene ved tiltak som hindrar eller avgrensar skadane.
 - 9 - Beste teknologi: Ved verksemd i naturen skal lokalisering, teknologi og
10 driftsmåte vere den som er best for miljøet. Teknologi må utviklast med mål
11 om redusert total ressursbruk og mindre forureining.
- 12
13

14 **Organisasjonen**

16 ***Demokratisk, landsdekkande og uavhengig***

17 Norges Naturvernforbund er ein demokratisk medlemsorganisasjon, skipa i 1914.
18 Folkeleg engasjement er grunnlaget for arbeidet for livskraftig natur og miljøgode.
19 Medlemene avgjer, gjennom sine tillitsvalde, kva forbundet skal meine og arbeide
20 med. Naturvernforbundet har aktive fylkes- og lokallag over heile landet. Saman
21 med sekretariatet gjev dei den styrken Naturvernforbundet byggjer på.
22 Naturvernforbundet er partipolitisk nøytralt og uavhengig av økonomiske interesser,
23 staten og andre organisasjonar. Miljøagentane og Natur og Ungdom er barne- og
24 ungdomsorganisasjonane til Naturvernforbundet.

25

26 ***Kunnskapsbasert opinionsdanning***

27 Norges Naturvernforbund treng tillit og oppslutning for å få gjennomslag.
28 Argumenta våre skal vere fagleg solide og lett forståelege. Frivillige organisasjonar
29 har gjennom folkeopplysning spelt ei viktig rolle for demokratiseringa av Noreg.
30 Naturvernforbundet vil føre dette arbeidet vidare gjennom opinionsdannande
31 verksemd slik at ein lettare kan innrette seg miljøvenleg, påverke andre og få
32 folkevalde organ til å ta omsyn til kva naturen toler.

33

34 ***Saksorientert arbeid med konkrete resultat***

35 Det er resultatata for naturen som tel. Det er først og fremst gjennom arbeid med
36 mange konkrete saker over heile landet, og med stor breidde, at Norges
37 Naturvernforbund er med og bergar store naturverdiar, og endrar haldningane til
38 naturen hos folk flest. Ved hjelp av politisk arbeid i enkeltsaker vil
39 Naturvernforbundet også vise kva utfordringar vi står overfor i det globale
40 miljøarbeidet.

41

42 ***Naturglede***

43 Frisk og vakker natur er godt for mennesket si helse og aukar trivselen. Urørt natur
44 gjev mennesket glede og innsikt som styrkar naturvernengasjementet. Naturglede
45 er ein viktig bakgrunn for arbeidet til Naturvernforbundet. Vi vil at flest mogleg skal
46 få glede seg over naturverdiane vi vil ta vare på. Målet er at dei som lever i
47 nærleiken av verdifulle område skal vere stolte over naturen dei har tilknytning til.

48

1 **Internasjonalt samarbeid**

2 Norges Naturvernforbund samarbeider med miljøvernorganisasjonar i Noreg og
3 andre land for å løyse regionale og globale miljøproblem. Det er ei viktig oppgåve å
4 støtte og styrke folkelege og demokratiske organisasjonar i land det miljøvern har
5 dårlege kår. Norges Naturvernforbund er den norske avdelinga av Friends of the
6 Earth International. Regnskogfondet har vore ein viktig del av Naturvernforbundet
7 sitt internasjonale arbeid, og dette vert ført vidare ved at Naturvernforbundet er
8 stiftar og medlem av Regnskogfondet.

10 **Naturmangfaldet**

11 Naturmangfaldet er livsviktig og uerstatteleg. Vi må sikre rikdommen av planter, dyr
12 og andre organismar for framtida. Dette inneber å ta vare på artane, på den
13 genetiske variasjonen innan artane og dei leveområda som organismane treng. Det
14 er moralsk uakseptabelt å utrydde natur.

15 Noreg har truleg den mest varierte naturen i europeisk samanheng. Verda har ikkje
16 noko som tilsvarer dei norske fjordlandskapa og den vassdragsnaturen som høyrer
17 til. Vi er åleine om villreinstammar og intakte fjelløkosystem i Europa.

18 Over 40 vegetasjonstypar er truga av utrydding i Noreg. Nesten 4000 artar står på
19 den nasjonale raudlista. Vi har ikkje råd til å misse nokon av dei. Kvart dyr, kvar
20 plante og kvart insekt som vert utrydda, er eit evig tap. Nokre artar og
21 landskapstypar har Noreg eit internasjonalt ansvar for, mellom anna havørn og
22 kystlyngheier.

23 For samfunnet er dei økonomiske ulempene ved å avstå frå skadelege inngrep og
24 utslepp mindre enn tapet dersom variasjonsrikdommen i norsk natur forvitrar.
25 Dersom rike Noreg ikkje prioriterer sine folkerettslege og etiske plikter til å berge
26 artane og naturtypane for framtida, er det eit fattigsleg varsel til omverda.

27 Noreg må gjennomføre tiltak for å stanse nedgangen i naturmangfaldet. Dette krev
28 både meir vern av utvalde areal og ei streng forvaltning av naturverdiane som ikkje
29 er verna ved lov, men som inneheld biologisk viktige kvalitetar. I tillegg må ein
30 hindre innføring av framande artar som kan vere ein trussel mot lokale plante- og
31 dyreartar.

32 **Norges Naturvernforbund meiner at:**

- 33 • Det må vere levedyktige bestandar av alle artar som naturleg høyrer heime i
34 Noreg. Leveområda til truga og sårbare artar må sikrast, anten ved vern for
35 dei artane der dette er naudsynt, eller ved ein arealbruk som ikkje trugar
36 artane.
- 37 • Det må etablerast økologisk baserte nettverk av verna og andre areal for å
38 sikre den økologiske samanhengen over større område og trygge leveområda
39 for arealkrevjande artar. Dei inngrepsfrie områda (INON) i Noreg har minska
40 sterkt dei siste åra, og meir reduksjon må stoppast.
- 41 • Eit utval av alle vegetasjonstypar må sikrast i slikt omfang at dei kan fungere
42 som leveområde på lang sikt.

- 1 • Nasjonalparkplanen, dei tematiske verneplanane og planane for vern av
2 marine område må gjennomførast raskt. Skogvernet må aukast vesentleg.
- 3 • Nasjonalparkar og andre verna område må forvaltast aktivt slik at
4 naturmangfaldet vert teke vare på.
- 5 • Fjellnaturen må ikkje byggjast ned, men takast vare på for å sikre
6 leveområde for villreinen og nasjonalt viktige friluftsområde.
- 7 • Den naturlege rytmen i vassdraga må sikrast. God økologisk tilstand må vere
8 eit mål for alle vassdrag. I samband med alle inngrep i vassdrag, også
9 utbygging av mini-, mikro- og småkraftverk, må det setjast strenge krav til å
10 ta vare på biologisk mangfald. Under konsesjonshandsaminga må
11 småkraftsakene innanfor eit område sjåast i samanheng for å sikre
12 naturverdiane.
- 13 • Grøntområde med bekkedrag må takast vare på også i nærmiljøet og i
14 tettstader. Bekkar som er lukka, bør opnast der det er mogleg.
- 15 • Verneformålet må takast vare på i verna vassdrag. I tillegg må verna
16 vassdrag sikrast mot andre inngrep. Eit forsvarleg utval av mindre vassdrag
17 og elvar må vernast mot kraftutbygging.
- 18 • Motorisert ferdsel i utmark og på vassdrag må minimerast, og må ikkje
19 femne om rekreasjonskøyring.
- 20 • Lokale naturperler og naturområde i nærmiljøa må takast vare på.
- 21 • Utandørs bruk av genmanipulerte organismar og av ikkje stadeigne artar i
22 skogbruket må nektast.
- 23 • Forsvaret mot framande organismar som følgjer med handelsvarer, må vere
24 sterkt. Dumping av ballastvatn må underleggjast sterke restriksjonar.

25
26

27 **Forureining**

28 Menneskeleg aktivitet kan gje utslepp til luft, jord eller vatn som naturen ikkje
29 klarer å bryte ned. Forureining kan vere giftig eller skadeleg for menneske, dyr,
30 planter eller andre delar av naturen.

31

32 Forbruk av fossilt brensel fører til utslepp av klimagassar. Klimaet på jorda er difor i
33 ferd med å endrast. På verdsbasis må utsleppa reduserast med 60–80 prosent for å
34 unngå at fylgjene for livet på jorda vert katastrofale. Olje- og gassutvinning,
35 transport, industri og oppvarming er dei største utsleppskjeldene i Noreg. For å
36 løyse klimaproblemet må vi endre samfunnstrukturen slik at fossil energi vert
37 unødvendig, og vi må utvikle og ta i bruk ny teknologi.

38

39 I Noreg vert vassdrag sure og skogen øydelagd som følgje av nitrogenoksid (NO_x).
40 Hovudårsaka er store og aukande utslepp frå olje- og gassverksemda. I tillegg er
41 det store utslepp frå veg- og sjøtransporten. Vegtrafikk er også ei viktig kjelde til
42 lokal luftforureining i mange norske byar og tettstader. Både lokalt og globalt er det
43 ei overordna målsetjing at lufta må vere av ein slik kvalitet at den ikkje skadar
44 naturen eller folkehelsa.

45

46 Miljøgiftene har lang nedbrytingstid og vert oppkonsentrerte i næringskjeda. Ein av
47 konsekvensane er at fisk og sjømat frå mange hamner, fjordar og vassdrag ikkje
48 kan etast og at fuglebestandar er truga. For mennesket kan helseskadelege stoff
49 mellom anna føre til at fleire får kreft, redusert forplantingsevne, astma og

1 allergiproblem.

2

3 Noreg har hatt store problem med i innfri internasjonale miljøavtalar som regulerer
4 forureining. Dette gjeld Kyoto-protokollen om å kutte veksten i klimagassutsleppa,
5 Gøteborg-protokollen om utslipp av nitrogenoksidar og OSPAR som regulerer
6 utslepp til vatn.

7

8 **Norges Naturvernforbund meiner at:**

- 9 • Noreg må minimere eigne utslepp av klimagassar etter tilrådingane frå FNs
10 klimapanel. På sikt må Noreg verte uavhengig av fossile energikjelder.
- 11 • For å løyse klimaproblemet må ein ta i bruk mange ulike verkemiddel. Rike
12 land har dei største utsleppa av klimagassar og har derfor størst ansvar for å
13 redusere utsleppa. Internasjonal kvotehandling og andre internasjonale tiltak
14 skal berre vere eit supplement til nasjonale reduksjonar.
- 15 • Utsleppa til luft av svoveldioksid, nitrogenoksid og flyktige organiske stoff må
16 reduserast slik at naturen ikkje tek skade.
- 17 • Miljøgifter skal ikkje sleppast ut i naturen eller føre til skader på folkehelsa.
18 Bruk av miljøgifter i produkt og prosessar må minimaliserast.
- 19 • Nye kjemikaliar må ikkje tillatast før det er dokumentert at dei ikkje kan
20 skade natur eller menneske.
- 21 • Alle skal ha krav på å få vite om produkt eller tenester inneheld miljøgifter
22 eller helseskadelege stoff, og kor mykje forureining dei fører til i samband
23 med produksjon, bruk og når dei vert kasta.
- 24 • Gamle miljøgiftutslepp må kartleggjast og ryddast opp i, eller sikrast på anna
25 måte.
- 26 • Noreg må fylgje opp dei internasjonale avtalane vi har skrive under på når
27 det gjeld utslepp til luft og vatn.
- 28 • Kysten må ha eit sterkt oljevern.

29

30

31 **Landbruk og fiske**

32

33 Vi må ta vare på den biologiske produksjonsevna som er grunnlaget for alt liv på
34 jorda, livsmangfaldet og matproduksjonen. Primærnæringane må byggje på det
35 lokale ressursgrunnlaget.

36

37 All matproduksjon må vere berekraftig. Utviklinga nasjonalt og globalt må styrast i
38 retning av lokale einingar som leverer mat i ein lokal marknad. Det må være større
39 samsvar mellom maten vi et og det naturen rundt oss forsyner oss med. Lokal
40 økologisk berekraftig matproduksjon er viktig for å ta vare på naturmangfaldet i
41 kulturlandskapet og gjer oss mindre sårbare for svingingar i den internasjonale
42 matproduksjonen.

43

44 Maten må ikkje innehalde helseskadelege stoff. Overgjødsling som fylgje av
45 nitrogen- og fosforutslipp frå landbruk er eit miljøproblem. Samstundes er desse
46 utsleppa ein ressurs på avvege som i langt større grad må sikrast og nyttiggjerast.

47

48 **Norges Naturvernforbund meiner at:**

- 1 • Andelen økologisk landbruk må aukast kraftig. På sikt må all
2 landbruksproduksjon vere økologisk. Landbruket må i minst mogleg grad
3 vere avhengig av kunstig tilførsle av vatn, energi, gjødsel og ugrasreparar.
4 Fiskeoppdrett og kjøttproduksjon må i minst mogleg grad baserast på fôr som
5 kan gå til menneskemat.
- 6 • Primærnæringane må ikkje nytte hormon, genmodifiserte dyr eller planter
7 eller fôr med antibiotika. Risikoen for alvorlege smittesjukdomar må
8 reduserast både ved tiltak heime og gjennom importrestriksjonar.
- 9 • Det må setjast nasjonale krav og lagast regionale jordvernplanar for å hindre
10 nedbygging av dyrka mark og sikre kvaliteten på norsk matjord.
- 11 • Fiskeria må ta vare på primærproduksjonen i havet og dei lågare ledda i
12 næringskjedene. Fisket må skje på dei årsklassane som gjev det beste
13 langsiktige utbyttet. Ein større del av fisket må drivast med passive reiskapar,
14 og energiforbruket i fisket må reduserast. Kystfisket må prioriterast, og
15 trålfisket må reduserast kraftig.
- 16 • Fiskeoppdrett kan ikkje erstatte den naturlege produksjonen av mat i havet.
17 Oppdrett må drivast slik at den ikkje fører til ureining av nærområda, slik at
18 røming av fisk og sjukdomsspreiing vert hindra, og slik at den heller ikkje på
19 andre måtar uroar samspelet i naturen.
- 20 • Patent på levande organismar eller naturleg førekomande biologisk materiale
21 må ikkje tillatast. Genmanipulerte organismar må ikkje dyrkast fram under
22 tilhøve som gjer at dei kan kome ut i naturen.
- 23 • Tilskotsordningar som subsidierer naturskadeleg drift, må fjernast.
- 24 • Ei bærekraftig ressursforvaltning føreset at forvaltingsregima vert utvikla i
25 nært samarbeid med dei som tradisjonelt har vore avhengige av ressursane.
- 26 • Tilskotsordningane i landbruket må tilpassast rovdyrforvaltninga slik at
27 nødvendige leveområde for rovdyr vert tekne vare på.

30 Energi

31
32 Det høge energiforbruket vårt er verken berekraftig eller solidarisk, og det påfører
33 oss store framtidskostnader. Eit høgt og aukande energiforbruk medfører for stor
34 forureining og skadelege naturinngrep. Gjennom energi-hierarkiet er utfordringane i
35 energipolitikken prioriterte:

- 36
37 - Det viktigaste er å redusere det samla energiforbruket. All energiproduksjon
38 påverkar miljøet. Noreg er mellom dei landa i verda som har høgast
39 energiforbruk per innbyggjar.
- 40 - Energien vi bruker, må i hovudsak vere fornybar. Den massive
41 vasskraftutbygginga som har vore i Noreg, gjer at vi no i staden må satse på
42 dei nye fornybare energikjeldene.
- 43 - Vi må bruke energien på den mest effektive måten. Elektrisitet er høgverdig
44 energi, som berre bør brukast til dei oppgåvene som krev det. Varme og
45 andre lågverdige energiformer kan nyttast til mindre krevjande oppgåver som
46 oppvarming.
- 47 - Fossile energikjelder er avgrensa og fører til klimagassutslepp. Skal vi bruke
48 desse energikjeldene stasjonært, må klimagassutsleppa reinsast. Atomkraft

1 inneber ein så stor fare for miljøet i samband med produksjon og
2 avfallshandtering at den bør avviklast.
3

4 **Norges Naturvernforbund meiner at:**

- 5 • Det norske energiforbruket må reduserast. Det må leggjast til rette for
6 energifrigjering. Forbruket i hushaldningar, kontor, næringsbygg og
7 offentlege bygg må vere minst mogleg. Industrien må drivast mest mogleg
8 energieffektivt.
- 9 • Noreg må auke produksjonen av ny fornybar energi, slik som bio- og
10 solenergi, bølge- og vindkraft. Samstundes må vi ta vare på
11 naturmangfaldet. Ny produksjon av fornybar energi bør erstatte eksisterande
12 energiforbruk basert på fossile energikjelder.
- 13 • All energi må brukast på mest mogleg effektiv måte, ved at høgverdig,
14 elektrisk energi vert reservert til formål som krev høg energikvalitet.
15 Elektrisitet må ikkje nyttast til oppvarming.
- 16 • Det må stillast strengare krav til energibruk ved nybygg og ombygging.
17 Desse krava må strammast inn med jamne mellomrom.
- 18 • Olje- og gassutvinningstempoet må reduserast. Det må ikkje opnast for
19 leiting og utvinning i nye område. Barentshavet, Lofoten/Vesterålen,
20 Skagerrak, Mørebasenget og kystnære område må gjevast varig vern mot
21 olje- og gassverksemd. Vernet skal ikkje vere til hinder for hausting av
22 fornybare ressursar.
- 23 • Det må ikkje byggjast gassrørleidningar for alminneleg bruk av gass, fordi
24 slik infrastruktur vil hemme utviklinga av meir miljøvenleg energibruk i fleire
25 tiår framover.
- 26 • Det må ikkje byggjast gasskraftverk utan CO₂-reinsing i Noreg. Skal det
27 byggjast gasskraftverk, må det stillast krav om maksimal CO₂-handtering frå
28 dag ein.
- 29 • Det må ikkje byggjast fleire kolkraftverk i Noreg. Mange miljøproblem knytt
30 til kolkraft, slik som kvikksølv og radioaktivitet, kan ikkje reinsast bort.
- 31 • Det må ikkje byggjast nye atomkraftverk i Noreg. All forskning som har som
32 mål å bruke atomkraft som energikjelde, må avviklast. Halden-reaktoren må
33 leggjast ned. Noreg må arbeide for å sikre atomavfallet i norske nærrområde.
34
35

36 **Transport**

37
38 Transportbehovet i samfunnet må reduserast, gjerast mindre energikrevjande og
39 mindre forureinande.
40

41 Transport fører til utslepp av klimagassar, til lokal forureining og sur nedbør.
42 Verdifulle naturområde vert øydelagde gjennom utbygging av vegar,
43 parkeringsplassar og flyplassar. Det store arealforbruket i transportsektoren er også
44 eit trugsmål mot jordbruksproduksjon og miljøvenleg byutvikling.
45

46 Miljøvenleg transport krev transportreduserande arealplanlegging, og ein overgang
47 frå privatbil, lastebil og fly til meir miljøvenlege transportformer som sykkel, buss,
48 tog og båt. Det må også innførast transportreduserande verkemiddel, som
49 avgrensingar i tal på parkeringsplassar og meir rettferdig prising av både person- og

1 godstransport. I tillegg må det satsast på meir miljøvenleg teknologi i
2 transportsektoren.

3
4 **Norges Naturvernforbund meiner at:**

- 5 • Byar og tettstadar må fortettast og byggjast ut med mål om minst mogleg
6 transportbehov. Dette må ikkje gå ut over naturperler og rekreasjonsområde.
- 7 • Det må leggjast betre til rette for syklende og gåande, særleg i område med
8 mykje trafikk.
- 9 • Kollektivtilbodet må verte betre, både for daglege reiser til arbeid og
10 fritidsaktivitetar og for lengre reiser. Det må byggast ut dobbeltspor til
11 jernbane i område med stor trafikk, og satsast på jarnbanen, spesielt
12 høgfartstog, som eit alternativ for reiser mellom byane i Sør-Noreg og til/frå
13 hovudstadane i nabolanda.
- 14 • Vegprising/bomringar må nyttast som verkemiddel for å dempe bilbruken.
15 Midlane frå vegprising/bomringar må brukast til kollektivtrafikk, ikkje
16 vegbygging.
- 17 • Utbygging av firefeltsveger og andre natur- og miljøskadelege vegprosjekt
18 må stansast. Midtdelar på tofeltsvegar er eit godt trafikktryggingstiltak som
19 alternativ til firefeltsvegar.
- 20 • Flytrafikken må reduserast gjennom auka avgifter på klimagassutslepp.
21 Flyplasskapasiteten må ikkje utvidast.
- 22 • Transportvolumet må dempast, og ein langt større del av godstransporten må
23 gå på sjø og bane framfor på veg, gjennom auka miljøavgifter, ny teknologi,
24 organisatoriske grep og betre infrastruktur for sjø og bane.
- 25 • Det må utviklast og brukast meir miljøvenlege energiløysingar i
26 transportsektoren, gjennom bruk av meir energieffektive motorar,
27 miljøvenleg biodrivstoff og nullutsleppsteknologi.

28
29
30 **Avfall**

31
32 Mengda avfall aukar ukontrollert. Dette fører til store miljøproblem. Målet er å gjere
33 avfallsmengda minst mogleg, og få til korte lukka materialkrinlaup. Alt avfall må
34 handsamast i samsvar med avfallshierarkiet. I prioritert rekkjefylgje vil det seie (1)
35 minimering av avfallsmengda, (2) ombruk, (3) resirkulering/attvinning, (4)
36 forbrenning med energiattvinning og (5) deponi/forbrenning utan energiattvinning.

37
38 **Norges Naturvernforbund meiner at:**

- 39 • Avfallsmengda må reduserast. Produkt må vare lenger, og i større grad
40 kunne reparerast og nyttast fleire gonger. Det må brukast mindre emballasje,
41 og den må vere meir standardisert og kunne brukast om att.
- 42 • Både offentlege og private verksemder må stille strengare krav til miljø ved
43 innkjøp.
- 44 • Det må stillast strengare krav til rett ressurs- og avfallshandtering ved
45 bygge- og anleggsarbeid.
- 46 • Bruken av miljøskadelege stoff som ikkje kan brytast ned i naturen, må
47 minimaliserast.

- 1 • Panteordningar bør nyttast for fleire produktgrupper, for å auke innsamlinga.
2 Produsentar og importørar må få eit større ansvar for ombruk og
3 avfallshandtering.
- 4 • Det må byggast ut gode kjeldesorteringsordningar i heile landet. I fyrste
5 omgang må minstekravet vere henteordningar for papir, plast og matavfall i
6 hushaldningane, i tillegg til bringeordningar for andre typar avfall.
- 7 • Det må verte forbode å forbrenne og deponere usortert avfall. Ved all
8 avfallsforbrenning må energien utnyttast.
- 9 • Restavfall må deponerast slik at det i minst mogleg grad fører til ureining.
10 Organisk avfall skal ikkje deponerast.
- 11 • Alt farleg avfall må samlast inn og handsamast på ein miljømessig forsvarleg
12 måte.
- 13 • Ein størst mulig del av avfallet må takast hand om lokalt, for å unngå
14 miljøskadeleg transport.
- 15 • Forureinaren-skal-betale-prinsippet må utvidast slik at verksemder får ansvar
16 for og forpliktingar knytte til skader årsaka av verksemda og produkta deira.
- 17
- 18

19 **Internasjonal medverknad og rettferd**

20
21 Internasjonalt samarbeid er ein føresetnad for å kunne løyse mange av dei store
22 miljøutfordringane verda står overfor. Miljøomsyn og omsynet til ei meir rettferdig
23 fordeling av ressursane må overordnast mål om økonomisk vekst og auka frihandel i
24 det internasjonale samfunnet.

25
26 Verdsøkonomien er i dag basert på utbyting av naturen og menneska, og byggjer på
27 samfunnsverdiar som ikkje tek omsyn til menneskerettar, naturverdiar og ei
28 berekraftig utvikling. Norges Naturvernforbund arbeider saman med Friends of the
29 Earth International for ei demokratisk og berekraftig framtid.

- 30
- ### 31 **Norges Naturvernforbund meiner at:**
- 32 • Menneskerettane og sosial- og miljømessig rettferd, saman med eit økologisk
33 og kulturelt mangfald, må liggje til grunn for ei berekraftig utvikling.
 - 34 • Demokratiet og styringsmoglegheitene må styrkast, nasjonalt og globalt, for
35 å oppnå ei berekraftig utvikling.
 - 36 • Dei økonomiske skilnadane mellom fattige og rike må minskast.
 - 37 • All bistand må ta omsyn til natur og miljø.
 - 38 • Internasjonale miljøavtalar må overordnast økonomiske avtalar.
39 Internasjonale økonomiske avtalar må gje land rett til å prioritere miljøomsyn
40 framfor økonomiske omsyn.
 - 41 • Aktiviteten til multinasjonal selskap må kontrollerast gjennom internasjonalt
42 samarbeid og lovreglar slik at dei får mindre makt over naturressursane og
43 samfunnsverdiane. Enkeltland må også kunne regulere desse selskapa si
44 verksemd i landet.
 - 45 • Miljømessige og sosiale krav som gjeld i Noreg, må også gjelde for norske
46 verksemder i utlandet når det norske regelverket er strengare enn det
47 utanlandske.
 - 48
 - 49